

- **Som bønder i Fjord er vi glade i yrket vårt og stolte av næringa.** Det er meningsfullt og krevande å produsere landbruksvarer i vår vakre natur i høgkostlandet Norge. Næringa er synleg med store bygningar, med husdyr og jorder, skog og utmark. Bøndene utviklar stadig sine driftsmåtar. Produksjonen pr sysselsett auker 6 prosent årleg, det er på line med norsk oljeverksemd og storeksportøren USA. – For unge er difor landbruket ei spennande og meningsfull næring å gå inn i med store krav til arbeidslyst og allsidig fagkompetanse. **Rekruttering, økonomi og miljø** er hovudmåla for landbruket i Fjord.

## - Veit du dette om landbruket i Fjord:

Fjord (tidlegare kommunane Stordal og Norddal) er ein **betydeleg jordbrukskommune i fylket** i antal gardsbruk. I 2019 var det **106 gardsbruk i drift** i Fjord (187 bruk i år 2000) med **gjennomsnittleg dyrka areal på 150 dekar** (92 dekar i år 2000). Fjord er ein stor **geitekommune i Sør-Norge**.

### **Kvart årsverk i landbruket skaper ein til to arbeidsplassar i andre tilstøytande verksemdar.**

Det vert utført flest årsverk med potet, grønsaker, veksthus, frukt og bær, i mjølkeproduksjon på storfe og i sauehaldet. I Fjord kommune har **29 gardsbruk produksjon av storfekjøtt**, av desse 18 kumjølkebruk. Det er 40 sauebruk, 5 geitebruk, 4 bruk med gris og 5 bruk med ammekyr.

Bønder driv i tillegg andre produksjonar, næring innan skogbruk, turisme, jakt og fiske, vidareforedling, sal av gardsmat, og har bygd fleire småkraftverk.

**Fjord er ein av fylkets mest jordbruksavhengige kommunar** ved at landbruket er viktigaste næring for busetting og sysselsetting

I Fjord er det bedrifter og maskinfirma innan landbruket.

Fjord kommune har satsa på ei **aktiv landbruksforvaltning**.

Det er dei siste åra bygd fleire nye fjøs.

Fjord har **50 prosent av landets industrijordbær, verdas nordlegaste yrkesfruktdyrking, og 80 prosent av fruktdyrkinga og over halvparten av jordbæraarealet i fylket.**

**20 jordbærprodusentar** i Fjord leverer rundt 700 tonn årleg.

Bønder har etablert foredlingsbedrifta **Valldal Grønt A/S**.

**Samla husdyrhald er ein stor buskap:** 525 mjølkekyr, 900 ammekyr/andre storfe, 6950 sau/ lam, 1100 mjølkegeiter, 1600 griser.

Det vert dyrka vel **16.000 dekar jordbruksareal** (17.200 dekar i år 2000), mest gras til fôr og beite. Vidare er det ca **88.000 dekar produktivt skogareal** med furu, gran og lauvtre.

## **Spesialisert produksjon, stor omsetnad og stadig ny satsing**

Matproduksjonen og råvarer frå jordbruket i Fjord hadde i 2010 (tal frå NILF) ein **salsomsetnad på 98,8 millionar kroner** i året.

Av dette hadde ku- og geitmjølkebruka inkl. kjøtproduksjon 33 prosent av omsetnaden, sauehaldet 14 prosent, geitehaldet 10 prosent, svinehaldet 4 prosent, og samla for potet, grønsaker, veksthus, frukt og bær 33 prosent

Det allsidige landbruket i Fjord skaper i tillegg verdiar frå produksjonar med andre dyreslag, bønder arbeider med tilleggsnæringar og i skogen, brøyting av vegar og det er hestehald i kommunen.

I 2019 vart det produsert **4,1 millionar liter kumjølkk frå 18 mjølkebruk** (60 mjølkebruk og 4,3 mill. liter i år 2000), og **662.600 liter geitemjølkk frå 5 geitebruk** (13 geitebruk og 523.000 liter i år 2000). Dette tilsvarar årsforbruket av drikkemjølkk, ost og andre meieriprodukt til vel 15.800 personar. Gjennomsnittleg har kumjølkebruka 30 kyr og leverer årleg 228.000 liter mjølkk. (12 kyr og 62.000 liter i år 2000).

I 2019 vart det produsert vel **417.500 kg kjøtt** i Fjord, av dette vel 120.000 kilo storfekjøtt, 212.000 kilo svinekjøtt, 77.000 kilo sauekjøtt og 8.500 kilo geit/kje-kjøtt. Kjøttproduksjonen tilsvarar årsforbruket av kjøtt til heile 6.000 personar, eller mange av befolkninga i kommunen.

## **Vårt lokale landbruk er ein del av nasjonal og internasjonal matproduksjon**

**Bøndene i Fjord** er medeigarar i dei store nasjonale industribedriftene Tine SA og Nortura SA (Gilde). Næringsmiddelindustrien er landets største industrisektor. I tillegg kjem tømmerforedling.

**Landbruksnæringa si hovudoppgåve** er å forsyne heile landet med norske matvarer året rundt til stabile prisar. Norsk matproduksjonen skal aukast med 20 prosent dei neste 20 åra i takt med befolkningsauken på 1 million menneske. Vi produserer i dag berre halve kaloriforbruket vårt. Matimporten aukar veldig raskt i Norge, liksom i Sverige, mellom anna av storfekjøtt og dels mjølkeprodukt. – Auka import sikrar ikkje levande bygder og kulturlandskapet på Nordvestlandet.

**Norge** har krevande natur og klima for matproduksjon utandørs. Dei fleste land vi samanliknar oss med har ein politikk for matforsyning. Liksom på mange andre politikkområde har Norge sin eigen modell for nasjonal landbrukspolitikk. Importvernet overfor land med gunstigare vilkår og lågare kostnader er avgjerande for å oppretthalde matproduksjon over heile landet

## Bonden og landbruksnæringa i Fjord gir Mat, Miljø og levande Bygder



### - Kvifor aktivt landbruk i Norge?


- lokal norsk mat året rundt i heile landet til nokså lik pris
- velstelte bygder med kulturlandskap og husdyr
- miljøverdiar, kulturverdiar og tradisjonsberarar
- lokal busetting og verdiskaping med store ringverknader

Mai 2020



## Landbruket i Fjord

- \* 106 bruk i drift, av desse 29 med storfekjøtt
- \* 18 kumjølkbruk, 5 geitebruk og 40 sauebruk
- \* Har halvparten av industrijordbæra i landet
- \* Kultur- og fjordlandskap av Verdsarv-format
- \* Har verdas nordlegaste yrkesfruktdyrking
- \* Det aktive landbruket gir ringverknader for arbeidsplassar og omsetnad i kommunen



INDRE STORFJORD BONDELAG  
EIDSDAL OG NORDDAL BONDELAG